



Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavd.  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2427 - 17/21490

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
30.10.2017

## Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNF - for frådelling av parsell på Brakstad, gbnr 6/62.

### Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå Jon Magne Vik om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF– , jf plan- og bygningslova § 19-2, for frådelling av parsell med påståande garasje/redskapshus på Brakstad gbnr 6/62.

### Planstatus:

Gbnr 6/62 er ein bustadeigedom på 3890,2 m<sup>2</sup>. Omsøkt parsell er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for frådellinga, sjå vedlegg.  
For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.  
I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

### Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vedlegg til søknad om dispensasjon  
Søknad om dispensasjon GBNR 6/62  
Søknad om oppretting av matrikkeleining GBNR 6/62  
6-62 1\_1000  
6-62 1\_3000

**Kopi til:**

Jon Magne Vik	Glørudveien 223	1880	EIDSBERG
---------------	-----------------	------	----------

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavd.	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune - Regionalavd.	Postboks 7900	5020	BERGEN